



Tingvoll, 8.12.2025

Tingvoll kommune
postmottak@tingvoll.kommune.no

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM SKOGBILVEG – TRØAVEGEN – GNR 95 BNR 1

Dykkar ref. 25/01138

Naturvernforbundet ser at det i etterkant av stormen Amy kan bli påtrykk når det gjeld skogsbilvegar. Samtidig kan vi ikkje avlive naturmangfaldlova som følgje av Amy sitt besøk. Slik vi ser det må det vere eit visst minimum av sakshandsaming og vurdering, sjølv om ein tar sikte på å ta unna fleire saker enn normalt og på kortare tid.

Vi kjem difor til å sjå litt både på sakshandsaming og vurderingar kommunen gjer i denne typen saker framover. Vi ser for oss at våre undersøkingar ikkje vil gje noko fullstendig bilete av saka. Til det har vi ikkje ressursar tilgjengeleg. Men det vi ser har vi tenkt å spele inn i sakene. Viss vi kan finne dei sakene der ein bør gjere grundigare undersøkingar før ein gjer vedtak, vil vi meine at det er bra.

For vel 10 år sidan hadde Naturvernforbundet ein liknande gjennomgang. Då såg vi nærare på meir enn 15 forskjellige saker og spela inn ein del moment til sakshandsaminga, og vi gjorde det i løpet av ca. 2 veker frå vi fekk sjå saka.

Så konkret til Trøavegen.

På Artskart finn ein nokre registreringar langs Trøelva, ingen i vegtraseen. I dette tilfelle er ingen registreringar mest sannsynleg ein følgje av at området ikkje er undersøkt av biolog. Ein har i utgangspunktet ikkje kunnskap om området utover det ein kan lese seg til av flyfoto, og det som er kjent i naturtypelokaliteten langs Trøelva, sjå lenger ned.

Øystein Folden frå Naturvernforbundet har gått vegtraseen 7.12.2025. Det var då ein del snø på marka, og vintertilstand, så det er avgrensa kva kunnskap ein kan samle om området, men noko er observert.

Når det gjeld kva inngrep denne søknaden vil føre til vil vi dele det i tre.

Frå fylkesvegen austover til der omsøkte veg dreier mot nord

Der er det anten veggrunn, anna mark som ikkje har spesielle biologiske verdiar eller beitemark som anten er gjengrodd eller planta til med gran. Vi ser ikkje noko biologisk som er til hinder for bygging av skogsbilveg på denne strekninga, men det kan ligge ein del utfordringar når det gjeld vatn.

Omsøkte strekning som går rett mot nord

På denne strekninga er det ein del moment som må takast omsyn til. Snuplassen er lagt rett aust for ei myr som har biologisk og kulturell historie. På topografisk kart er det myrraster. Myra kan nok reknast som ei jordvassmyr, men det kan også vere noko anna.

1. Nordleg blauthol
2. Sørleg blauthol
3. Grøft som kjem nedover eksisterande traktorvegtrase og går vidare mot Trøelva
4. Endepunkt ny veg som truleg ikkje vil påverka myra/Fåtjørna



Kart: <https://resource.fylkesarkivet.no/placename/23ea04e0-c3bc-e811-810c-001dd8b71c74#>

På stadnamnskartet har myra namn Fåtjørna. Namnet vitnar om at det tidlegare har vore vatn nok til å kunne legge lin i bløyt, heilt dekt med stillestående vatn nokre veker i prosessen med å få fram fiber til veving. Prosessen heiter fåing av lin/røyting av lin. Det er eigna blauthol både i nordvest og i sør av det som er merka som myr på det topografiske kartet.

I Webarkiv for stadnamn finn ein 8 stader i Tingvoll med namnet Fåtjørna. Dei fleste av desse stadene har nok vore utsett for inngrep, slik at ein ikkje kan sjå korleis dei har vore bruka. Det er mest truleg at lokaliteten på Bølset framleis er der, i tillegg til denne. Av kulturhistoriske grunnar bør ein unngå å skade myra ved at dette med vatn kan bli annleis. Grøfting og grøfteverknad i samband med skogsbilveg og hogst kan øydelegge samanhengen for Fåtjørna.

Det var snødekke på myra då Øystein Folden var der no. Difor var det litt vanskeleg å vurdere om myra t.d. har ei slåttehistorie. Ein del av myra har litt gjengroing, men ikkje heile. Så nære garden er det sannsynleg at myra har vore slått. Det er mindre sannsynleg at myra er å rekne som slåttemyr no. For å unngå problem med at dette er usikkert, jf. naturmangfaldlova §9, bør ein halde veg og snuplass såpass unna at myra ikkje blir påverka.

I sørvestkanten av myra kunne det sjå ut som det har vore tatt torv for lenge sidan. Langs vestsida av myra er det elles ei stor grøft som ender i Trøelva rett på oppsida av dyrkamarka. Det er også grøfta i nordenden mot Trøelva.

Myra har under alle omstende ein viktig funksjon ved at nedbør blir halde tilbake slik at flaumane blir mindre i vassdraga. Det er kan hende spesielt viktig når det gjeld Trøelva.

Trøelva

Trøelva er ikkje direkte berørt av vegtraseen, men kan bli ganske mykje påverka av veganlegget. Frå høgspentlina og ca. 150 m oppover til overkant eng er det ein naturtypelokalitet. Gråorskogen blir ikkje påverka direkte. Vel så interessant er det at bekkedalen her er djup. Vassdraget kan flaume og dra med seg mykje sand, grus og

stein. Dette er naturlege prosessar, men det kan skje stor skade om det kjem større og skarpere flaumar enn det som er naturleg. Med dei grøftene som alt er, så har vassdraget større flaumar enn det som er naturleg. Ein skogsbilveg der ein koplar på meir grøfting til dei eksisterande vil venteleg føre til ytterlegare auka skade.

På nedsida av fylkesvegen slakar Trøelva litt av, noko som fører til at grus og stein blir liggande igjen i elva. Vidare nedover blir det endå litt slakare og sand og grus blir liggande igjen. Elva må reinskast for sand, grus og stein kanskje så ofte som kvart tiande år på denne nedre strekninga for å unngå stor skade på dyrkajorda ned mot Hanemsvatnet.

Anadrom fisk går elles opp i Trøelva og blir negativt råka av uroa i elva med auka flaum. Trøelva er truleg den beste gytebekken til Hanemsvatnet, sidan Skarselva tidvis går tørr.

Konklusjon:

Påverking av myra kan ein unngå ved å justere vegtraseen slik at ein held seg utanom. Viss ein kortar ned lengda på vegstrekninga mot nord, vil ein kunne unngå myra heilt, utan at det har så mykje å seie for tilkomsten til skogen.

Det må setjast vilkår når det gjeld vassføring, slik at ein ikkje får meir vatn som skal ut i Trøelva, men sørge for at det spreier seg meir diffust til terrenget. Noverande grøft mot Trøelva må stengast ved sørenden av myra.

For ordens skuld gjer vi merksam på at vi ikkje kjem til å gå gjennom Bakkvegen tilsvarande

Når vedtaket i saka ligg føre, så ber vi om å få dette tilsendt.

Med helsing

Øystein Folden
leiar

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune (Sak 2025/27393)
Nordmørsmusea



Blauthol truleg eigna for «fåing av lin» i nordvestenden av myra. (Alle foto: Øystein Folden, 7.12.2025.)



Blauthol truleg eigna for «fåing av lin» i sørenden av myra.



Grøfta som går på vestsida av myra. Biletet er tatt frå sørvest for myra og i retning Trøelva.



Ein høl i Trøelva eit stykke ned for fylkesvegen, der det legg seg sand, grus og stein i dei største flaumane.



Nedre del av elva der elvelaufet går omtrent like høgt som enga på nedsida.